

UU 04/19 **Årsrapport 2018 og plan for utvalet sitt arbeid i 2019**

Saksnr.: 15/01413-7	Saksansvarlig: Veslemøy Hagen, <i>utdanningsdirektør</i>
Møtedag: 20.02.2019	Informasjonsansvarlig: Veslemøy Hagen, <i>utdanningsdirektør</i>

Dokument i saka:

Årsrapport 2018 med plan for 2019.

Saka gjeld:

Utvalet går gjennom forslag til årsrapport for 2018, og gjer vedtak om godkjenning eller vidare bearbeiding. Utvalet skal i fylgje mandatet gje årleg rapport om eige arbeid og resultat av det. Rapporten skal gå inn i institusjonen sitt heilskaplege planleggings-, rapporterings- og budsjetteringsarbeid.

I same saka skal utvalet også fastsetja plan for utvalet sitt arbeid i 2019.

Framlegg til vedtak:

- a) Utvalet godkjenner rapport for 2018.
- b) Utvalet fastset plan for arbeidet i 2019.

Stavanger, 12. februar 2019

Veslemøy Hagen
utdanningsdirektør

Sakshandsaming: Eilef J. Gard
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Utdanningsutvalet ved
Universitetet i Stavanger
(UU)

Årsrapport
2018
med plan for
2019

1. Om rapporten

Føremålet med rapporten

Utvalet sin årsrapport vert oversend til styret og har som føremål å formidla:

- sentrale trekk i utdanningsutvalet sitt arbeid med utdanningskvalitet og utdanningsstrategi¹ i 2018,
- dei vurderingane på eit overordna nivå som utvalet gjer seg vedkomande arbeid med utdanningskvalitet,
- kva overordna prioriteringar og tiltak knytt til utdanningskvalitet og utdanningsstrategi utvalet har fastsett for 2019 og vidare framover².

Rapporteringa går inn i universitetet sin planleggings-, budsjetterings- og rapporteringsprosess (PVO-prosessen)³.

Innhald i rapporten

Årsrapporten rapporterar arbeid og resultat av arbeidet til utdanningsutvalet, med utgangspunkt i det mandatet styret har fastsett.

Årsrapporten omfattar fylgjande kapittel og vedlegg:

- Kapittel 1: Om rapporten.
- Kapittel 2: Utvalet sitt arbeidsområde, arbeidsform, samansetjing og funksjonsperiode.
- Kapittel 3: Prioriterte arbeidsområde for arbeid med utdanningskvalitet i 2018 med eit oversyn over arbeid som utvalet har utført på det enkelte planpunktet i 2018.

Årsrapporten har fylgjande vedlegg:

- Vedlegg 1: Mandat for utdanningsutvalet.

¹ Jmf mandatet til utvalet.

² Jmf Studietilsynsforskriften og mandatet til utvalet.

³ Jmf [UiS Økonomi håndbok > Plan-, budsjett- og virksomhetsoppfølging > Plan-, budsjett og virksomhetsoppfølging](#)

2. Utvalet

Kapittel 2 gir eit kort oversyn over arbeidsområde og samansetjing for utdanningsutvalet i kalenderåret 2018.

2.1 Utvalet sitt arbeidsområde

Utdanningsutvalet er oppretta av styret for å utvikla Universitetet i Stavanger som utdanningsinstitusjon og verka som rådgjevande organ for styret i utdanningsstrategiske spørsmål. Til dette høyrer også utvikling av studieporteføljen.

Utvalet sitt mandat og eigen plan for perioden gir rammene for arbeidet.

Både utdanningsutvalet og læringsmiljøutvalet har arbeid med kvalitet i studia integrert i mandata sine. Utdanningsutvalet sitt arbeid med kvalitet rettar seg hovudsakleg mot innhaldet i studia, medan læringsmiljøutvalet sitt arbeid med kvalitet i hovudsak rettar seg mot omgjevnadene til studia. Det ligg til utdanningsutvalet å akkreditere og reakkreditere studia medan læringsmiljøutvalet er tillagt å gjennomføra ei systematisk oppfølging av læringsmiljøet.

2.2 Samansetjing

Rektor oppnemner medlemmer og varamedlemmer til utdanningsutvalet, som har fylgjande sammensetjing:

Prorektor (leiar)
 6 prodekanar for undervising
 2 representantar for det vitenskaplege personalet
 1 representant for det studieadministrative personalet
 4 studentrepresentantar
 1 ekstern representant

Leiar for UiS EVU og representant for universitetsbiblioteket møter med talerett.

Alle medlemmene, bortsett frå studentrepresentantane har personlege varamedlemmer.

Utvalet har hatt fylgjande medlemmer i 2018:

Vårsemesteret:

Medlem

Turid Borgen (prodekan SV)
 Øystein Lund Bø (dekan TN)
 Lene Katrine Hoff (rådgjevar SV)
 Dag Husebø (prorektor og leiar)
 Sara Jalali (student)
 Mads Kapstad (student)
 Ketil Knutsen, (førsteamanuensis IKS)
 Lars Atle Kjøde (prodekan HH-UiS)
 Marthe Mæland (student)

Varamedlem

Gro Ellen Mathisen (dekan SV)
 Henning Stokkeland Olsen (rådgjevar IMN)
 Marit Boyesen (rektor og nestleiar)
 Bjarte Ravndal (dekan HH-UiS)

Marit Aamodt Nielsen (professor UiA)	Knut Holter (professor VID)
Bjørge Frøysland Oftedal (prodekan HV)	Kristin Akerjordet (dekan HV)
Brita Strand Rangnes (prodekan UH)	Elaine Munthe (dekan UH)
Jon Tømmerås Selvik (førsteamanuensis IØRP)	Jan Terje Kvaløy, professor IMN
Jørgen Sjøberg (student)	

Gitte Kolstrup, direktør for universitetsbiblioteket, møtte med talerett.

Hautsemesteret:

Magne Bartlett (studentrepresentant)	
Turid Borgen (prodekan SV)	Gro Ellen Mathisen (dekan SV)
Lene Katrine Hoff (rådgjevar SV)	Nina Egeland (rådgjevar)
Dag Husebø (prorektor og leiar)	Marit Boyesen (rektor og nestleiar)
Ketil Knutsen, (førsteamanuensis IKS)	Kristin Grøsvik
Lars Atle Kjøde (prodekan HH-UiS)	Bjarte Ravndal (dekan HH-UiS)
Marit Aamodt Nielsen (professor UiA)	Knut Holter (professor VID)
Bjørge Frøysland Oftedal (prodekan HV)	Kristin Akerjordet (dekan HV)
André Pedersen (studentrepresentant)	
Brita Strand Rangnes (prodekan UH)	Elaine Munthe (dekan UH)
Jon Tømmerås Selvik (førsteamanuensis IØRP)	Jan Terje Kvaløy (professor IMN)
Magne Olav Sydnes (prodekan TN)	Øystein Lund Bø (dekan TN)
Cathrine Johanne Sønvisen (studentrepresentant)	
Leslie Leith Symington (prodekan UK)	Morten Wensberg (dekan UK)
Julie Wangen (studentrepresentant)	

Gitte Kolstrup, direktør for universitetsbiblioteket, møtte med talerett.

Gjennom 2018 har utdanningsutvalet helde fem møte (to i vårsemesteret og tre i haustsemesteret) etter ein møteplan som har vore koordinert med LU sin møteplan og styret sin møteplan. Det årlege fellesseminaret med utdanningsutvalet vart i 2018 arrangert i desember.

Arbeidet i utvalet vert utført i og mellom møta av utvalet sine medlemmer og sekretariat.

2.3 Utvalet sin funksjonsperiode

Utvalet sin funksjonsperiode fylgjer rektorvalet. Det sitjande utvalet begynte funksjonstida si 1. januar 2016 og gjeld fram til 30. juni 2019.

3. Prioriterte arbeidsområde for arbeid med utdanningskvalitet i 2018

Utdanningsutvalet sin plan for arbeid med utdanningskvalitet i 2018 vart vedteken i utvalet sitt møte 7. februar 2018 og er organisert under desse hovudområda: 1) arbeidet med studiekvaliteten, 2) kommunikasjon med andre utval, einingar, tilsette og studentar, 3) utvalet som rådgjevande organ i strategisaker og 4) opplæring av nye medlemmer.

Den fylgjande rapporten er sett opp med utgangspunkt i hovudområda. For kvart hovudområde fylgjer utvalet si rapportering under kvart underpunkt. Det vert elles vist til utvalet sine møtebøker.

1) Arbeidet med studiekvaliteten

Tiltak:

- Arbeid med studiekvaliteten vil i løpet av 2018 vera eit svært viktig arbeidsområde for utvalet. Gjennomgangen av studia, som starta opp i 2017, er eit stort tiltak som utvalet vil få ansvaret for å fylgja opp og slutføra.

Rapport:

Kunnskapsdepartementet fastsette endringar i studiekvalitetsforskrifta i juni 2016. I merknadene til studiekvalitetsforskriften heiter det: «Innen utgangen av 2018 må institusjonene ha gjennomgått porteføljen av studietilbud og sikret at disse oppfyller nye standarder og kriterier for etablering av mastergradsstudier og doktorgradsstudier.»

Utdanningsutvalet fastsette ramer og kriterier for gjennomgang av studia i mai 2017. Alle fakulteta la planar for gjennomgangen som skulle sikra at alle studia vart gjennomgådde og vurderte opp mot dei fastsette kriteria før årsskiftet 2018/19.

Utdanningsutvalet vart orientert om pågåande prosessar i maimøtet 2018. Rapportane frå fakulteta vart handsama i møta i september, oktober og november. I alt vart rapportar frå til saman meir enn 70 bachelor-, master- og ph.d.-program lagde fram for utvalet. Dette utgjer så og seia alle ordinære studier ved institusjonen.

Utvalet fann grunnlag for å stadfesta vidare akkreditering for alle studia. Likevel merka utvalet seg i vedtaks form at læringsutbyteskildringar som ikkje er i samsvar med NKR må rettast opp i løpet av 2018, og at der det er rapportert om avvik, må desse rettast opp innan rimeleg tid. Rapportane avdekkja også at manglande utdanningsfagleg kompetanse er eit gjennomgåande problem, og utvalet ber universitetet syta for at kapasiteten i det universitetspedagogiske basiskurset er tilstrekkeleg i høve til trongen. Ved enkelte studieprogram vart det også avdekkja manglande tilbod om internasjonal studentutveksling.

Utdanningsutvalet fastsette også retningslinjer og prosedyrebeskrivelse for periodisk tilsyn med studier i mai 2017. I løpet av 2018 vart det gjennomført fullt tilsyn med tre studier som ein pilot: barnehagelærerutdanninga, bachelorprogram i økonomi og administrasjon og ph.d. i informasjonsteknologi, matematikk og fysikk. For kvart program vart det oppretta ein kommisjon for tilsynet, med ekstern deltaking, både frå fagfeller og relevant arbeidsliv. På grunnlag av rapportane stadfesta utvalet akkrediteringa for dei tre studieprogramma.

Utdanningsutvalet akkrediterte seks nye masterstudier og eitt nytt bachelorstudium i 2018. Utvalet hadde i 2017 fastsett nye retningslinjer og prosedyrar for akkreditering og etablering av studier, der ekstern fagfellevurdering inngår i prosessen. Utvalet ser at dei nye retningslinjene for akkreditering og etablering sikrar betre kvalitet i arbeidet med akkreditering av nye studier.

- Revisjon av kvalitetssystemet.

Rapport:

Ny studietilsynsforskrift og kvalitetsmeldinga til Stortinget gjorde det nødvendig å revidere det gjeldande kvalitetssystemet. Mykje var allereide gjort i 2017 gjennom revisjonen av retningsliner og prosedyrer for tilsyn og akkreditering. Arbeidet vart vidareført i utarbeiding av eit nytt kvalitetssystem, der dei ulike elementa som allereide fanst vert sette inn i eit heilskapleg system. Utvalet vart orientert om prosessen i februar møtet.

Det nye kvalitetssystemet vil ha fire hovuddeler: Roller og ansvar, kvalitet i emner, kvalitet i studieprogram og kvalitet i studieporteføljen. Forslag er sendt på høyring i institusjonen og arbeidet vil verta slutført våren 2019.

- Oppfølging av Studiebarometeret.

Rapport:

Utdanningsutvalet vart i maimøtet orientert om Studiebarometeret 2017 og om plan for oppfølging av resultata. Utdanningsdirektøren hadde gjeve nokre forslag til tiltak som fakulteta er bedne om å fylgja opp. Desse handlar om veiledning og tilbakemelding og internasjonisering. Orientering frå fakulteta syner at der er gode prosessar for å arbeida med dei områda der Studiebarometeret 2017 avdekka svake resultat.

- Større fokus på digitalisering i arbeid med studiekvalitet.

Rapport:

Utdanningsutvalet og utdanningsdirektøren er opptekne av å vidareføra digitalisering av arbeidsflyt og kommunikasjon i arbeidet med studiekvalitet. Til dømes er det, med god støtte av dokumententeret, laga ein prosessbeskrivelse for sakshandsaming og dokumenthandtering for kvalitetssystemet. Dette er serleg mynta på den studieadministrative tenesta ved fakulteta og i utdanningsavdelinga.

Utvalet har vorte orientert om eit prosjekt for å prøva ut og vurdere innføring av digitale pensumlistar, som universitetsbiblioteket har teke initiativet til. Utvalet støttar vidare testing.

- Tettare samarbeid med ECIU.

Rapport:

ECIU vil støtta EU-kommisjonen i å styrkja det europeiske utdanningsområdet. Der er planar om å byggja opp fleire universitetskonsortier i Europa. Utdanningsutvalet vart i møtet i november orientert om plan for at UiS søkjer om å verta med i ein europeisk universitetsallianse.

2) Kommunikasjon med andre utval, einingar, tilsette og studentar

Tiltak:

- Utdanningsdirektøren ynskjer å gå gjennom og vurdere ordninga med dei to sentrale utvala i løpet av 2018. Dette punktet er avhengig av resultatet av den gjennomgangen av ordninga for læringsmiljøutval som Kunnskapsdepartementet har sett i gong.

Rapport:

Læringsmiljøutvalet og utdanningsutvalet hadde sitt årlege fellesseminar i desember 2018. Tema for seminaret var «Sentrale utval i ny organisasjon etter 2019». Temaet vart opplyst og

godt diskutert ut frå problemstillinga: Er der framleis behov for to utval, eller kan me taka i vare lova sitt krav og våre egne behov med eitt utvalg?

Oppsummeringa frå diskusjonen synte at utvalsmedlemene ikkje tilrådde eitt samla utval, men at ein held fram med nåverande ordning. Dei hadde likevel nokre tilrådingar om organisering og drift av utvala. Sake vil verta fylgd opp i 2019.

3) Utvalet som rådgjevande organ i strategisaker

Tiltak:

- Utvalet vil ha fokus på saker av strategisk verdi for utdanning, og gje råd til styret når dette er relevant.

Rapport:

Utvalet har strategisk tema som fast punkt på saklista. I 2018 vart fylgjande tema opplyste og diskuterte: Strategi for digitalisering i høgare utdanning og forskning 2017 – 2021, oppfølging av Studiebarometeret, bakgrunnen for gjennomgang av studia 2018, semesterstart 2018 og studentundersøking på master i miljø, energi og samfunn.

Fellesseminaret i 2018 diskuterte også ei viktig strategisk sak. Sjå ovanfor.

Utvalet har gitt styret råd i fylgjande saker:

- Endringar i forskrift om studier og eksamen ved UiS, og ga styret råd om vedtak.
 - Ny forskrift om opptak til studier og emner ved UiS.
 - Etablering, namneendring og nedleggjing av studier.
- Diskusjon av rammer for studieporteføljen ved UiS

Rapport:

Utvalet vart orientert om og diskuterte dekanvedtak om utgreiing av nye studier, i maimøtet.

4) Opplæring av nye medlemmer

Tiltak:

- Vidareføring av dette området.

Rapport:

Dette området i utvalet sin årsplan har fokus på vidareutvikling og gjennomføring av kurs for nye medlemmer i utvalet.

Kurs for nye medlemmer i både utdanningsutvalet og læringsmiljøutvalet vart gjennomført i september, før det fyrste møtet i utvala i haustsemesteret. Kurset har vorte vidareutvikla basert på erfaringar og tilbakemeldingar etter tidlegare kurs. Tema som vart tekne opp var m.a. rollene til utvala, studentane si rolle i utvala og mandata til utvala.

Etter innspel frå studentrepresentantar i begge dei sentrale utvala, vart opplæringa i 2018 gjennomført separat for kvart utval.

Plan for utvalet sitt arbeid i 2019

Utdanningsdirektøren legg her fram ei ramme for plan for utvalet sitt arbeid i 2019. Framlegg til endeleg plan vert utarbeidd etter at utvalet har fått gje innspel i denne saka, og når rapport og vurdering av arbeidet i 2018 ligg føre. Utdanningsdirektøren vil også ta med eventuelle innspel frå fellesseminaret 11. desember i arbeidet med planen for 2019.

Utdanningsdirektøren føreslår at planen for 2019 skal ha fire hovudområde, og føreslår også tiltak under kvart område. Utvalet vert invitert til å diskutera desse og gje innspel til utarbeiding av endeleg plan, som vert lagt fram for utvalet i februarmøtet.

Arbeid med studiekvaliteten

Arbeid med studiekvaliteten vil også i 2019 vera eit prioritert arbeidsområde for utvalet.

- Revisjon av kvalitetssystemet, mellom anna på bakgrunn av gjennomgang av studia og tilsynspilotane i 2018.
- Oppfølging av gjennomgangen av studia i 2018.
- Fokus på læringsutbytebeskrivelsar i opplæringa av studieprogramleiarar.
- Oppstart av periodisk tilsyn med studier, i fylgje plan vedteken av utvalet hausten 2018.
- Oppfølging av Studiebarometeret.
- Førebuing av Nokut sitt varsla tilsyn med kvalitetssystemet og arbeidet med kvalitet i studia.
- Sterkare fokus på digitalisering i arbeid med studiekvalitet.
- Fokus på praksis i studia.

Internasjonalisering

- Samarbeid med ECIU.
- Internasjonalt senter ved UiS.
- Oppfølging av stortingsmelding om internasjonal studentmobilitet.

Kommunikasjon med andre utval, einingar, tilsette og studentar

- Utdanningsutvalet fylgjer opp diskusjon om ordninga med dei to sentrale utvala i ny organisasjon.

Utvalet som rådgjevande organ i strategisaker

- Utvalet vil ha fokus på saker av strategisk verdi for utdanning, og gje råd til styret når dette er relevant.
- Diskusjon av rammer for studieporteføljen ved UiS.

Opplæring av nye medlemmer

- Vidareføring av dette området.

Mandat for utdanningsutvalget (UU) ved UiS

Fastsatt av styret 3. desember 2015

Utdanningsutvalget er opprettet av styret for å utvikle Universitetet i Stavanger som utdanningsinstitusjon. Utvalget skal virke som rådgivende organ for styret i utdanningsstrategiske spørsmål, herunder utvikling av studieporteføljen. Utvalget skal bidra til at de krav NOKUT stiller til universitetet som selvakkrediterende institusjon oppfylles. Utdanningsutvalget koordinerer sitt arbeid med læringsmiljøutvalget. Universitetsdirektøren sørger for nødvendig sekretærhjelp til utvalget. Styret kan tillegge utvalget andre oppgaver.

Utvalget utarbeider årlige planer for eget arbeid, og avgir årsrapport til styret om arbeidet utvalget har utført og de resultater arbeidet har gitt.

Utdanningsutvalget skal

I. Utvikling av studiene og studieporteføljen

- 1) Kunne ta initiativ til, og koordinere, strategisk utviklingsarbeid innenfor utdanningsvirksomheten ved universitetet.
- 2) Gi råd til styret i forskriftssaker.
- 3) Gi råd til styret i etableringssaker og andre saker som angår studieporteføljen basert på vurderinger av universitetets strategi, ressursituasjon og totale studieportefølje.
- 4) Være orientert om utviklingen i nasjonal og internasjonal utdanningsstrategi og -politikk, herunder Bologna-prosessen, og på grunnlag av dette kunne gi råd om universitetets oppfølging.

II. Utforming og gjennomføring av studiene

- 1) Fastsette retningslinjer for akkreditering av og tilsyn med institusjonens studier i tråd med gjeldende lover, forskrifter og universitetets strategi.
- 2) Akkreditere studier og sikre at disse oppfyller kravene i Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk for livslang læring og standarder og kriterier gitt av NOKUT og universitetet.
- 3) Føre tilsyn med universitetets eksisterende studietilbud, og forestå revidering av akkreditering.
- 4) Fremme forslag om avvikling av studier dersom disse ikke holder tilfredsstillende kvalitet.
- 5) Fastsette andre felles regler og retningslinjer for institusjonens utdanningsvirksomhet.
- 6) Fastsette undervisningsterminer.
- 7) Fastsette unntak for emnestørrelse.